


KART OVER OMRÅDET MED VAULÆIGEDOMEN



SURNADAL KOMMUNE

Vaulen



Vaulen er staden for

- familieselskap
- firmaturar
- styremote
- andre velferdsformål
- skuleklassar frå heile regionen



Kanotur på Vaulavatnet

Frå Vaulavatnet

Høg standard

Staden har vore gjennom omfattande restaurering. Hovudbygninga er sett i stand både utvendig og innvendig og har fått ein høg standard. Fullverdig isolert. Med innlagt trykkvatn, dusj med varmt vatn frå propanvassvarmar.

Staden har 6 soverom med tilsaman 20 sengeplassar. I tillegg finst det 10 madrassar.



Stueopphaldsrom




Utsnitt av Moids room


Det er installert solcellestraum med lys på alle rom. Ved Vaulavatnet er det oppført båthus med flytebrygge. Her er det 1 båt m/5 hk påhengsmotor, 6 kanoar, flytevestar og fiskegarn.

Vakker natur

Det blir lagt vekt på at ein skal trivast på Vaulen. Vaulen er ein attraktiv plass for rekreasjon, bading, fiske og friluftsliv for liten og stor.



Utsikt vestover mot Solåsvatnet



Hausifarger

Historisk Sus

Vaulen er ein gamal markagard som ligg mellom Krokvatnet og Solåsvatnet på Nordmarka. Surnadal kommune kjøpte plassen av etterkomarane til engelskmannen James Lawrence Chaworth Musters i 1978.

Far til James, John Patrich Chaworth Musters, kom til Surnadal som laksefiskar på 1880 talet, og kjøpte denne eigedomen og sette opp husa ca 1900. Mustersnamnet, og ikkje minst James, må få æra for det meste av den historiske susen rundt Vaulen. Han var ornitolog og forska mykje på dyrelivet rundt om i verda. Vaulen var hans ornitologiske base.

James var ein av dei som stod i spissen for etablering av det legendariske kompani Linge. Ornitologen, eventyraren og krigshelten James Chaworth Musters har fått minneplate på Vaulen etter at restaureringsarbeidet var ferdig i 2004.



Jakt og fiske

Småviltjakt på Vaulaeigedomen blir administrert av Surnadal jeger- og fiskeforening som sel jaktkort. Det er store mulegheiter til å treffe på både rype og storfugl. Fiskekorta som blir selt ved bonvegane på Vestre og Austre Nordmarka gjeld også for Vaulavatnet og elles på Vaulaeigedomen. Det er eit stort antal fiskevatn på eigedomen der ein kan få fisk både med mark, flue og sluk/spinner.

Utleige

Ta gjerne kontakt dersom De har spørsmål om staden eller ønskjer å leige:
Even Sande, Bygg og miljø
Tlf: 71 65 58 65, Mobil: 900 35895

Elles viser vi til kommunen sin heimeside:
www.surnadal.kommune.no